

Manger 11.mai 2011

Olje og energidepartementet  
Postboks 8148 Dep.

033 OSLO

## Merknad til SØKNAD OM NY 300 (420) KV KRAFTLEIDNING - MONGSTAD – KOLLSNES

Uttale frå Radøy Sokneråd.

Soknerådet i Radøy er oppteke av mangfaldet i naturen vår, som til alle tider har vore viktig for livsgrunnlaget på øya vår.

I 1839 fekk Manger zoolog og havforskningspioneren Michael Sars som prest. Han vert rekna som den fremste zoolog Noreg har hatt. Med ei slik historie rundt kyrkja på Manger bør me ikkje sitje stille å sjå på at raudlista fugleartar vert truga av at kraftlinjer går gjennom leveområda deira. Særskilt vil me trekke fram hubroen som har to hekkeområde som vert uroa av trasevalet, på Straume og i Bøneset.

Me legg merke til at utbyggjar er samd med oss i at naturen der lina er planlagt er sårbar og vanskeleg å byggje kraftline i.

Soknerådet meiner at det riktige er å leggje kraftlinja i jordkabel over Radøy, og der kraftlinja møter sjø må arbeida gjerast slik at naturen kjem tilbake i slik stand den vart før arbeida byrja.

Arbeida må utførast på ei tid der ein ikkje uroa dei som lever og bur i naturen. I månadene april, mai og juni er både dyr og fuglar ekstra sårbare for inngrep i leveområda sine.

For Radøy Sokneråd



Audun Sylta  
dagleg leiar